



Arkivnr: 2015/3457-7  
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.04.2015

## Samarbeid med Sparebankstiftelsen SR-Bank om Ungdommens Kulturmonstring i Hordaland

### Samandrag

Kultur- og idrettsavdelinga vart kontakta av Sparebankstiftelsen SR-Bank per e-post den 11.mars 2015 om at stiftinga ønskjer eit samarbeid om Ungdommens kulturmonstring (UKM) i Hordaland. Stiftinga vidarefører sparebanktradisjonar med å gi tilbake til lokalsamfunn, og særleg prosjekter som kjem barn og unge til gode. Sparebankstiftelsen SR-Bank presenterer seg som ein mild gåvegivar utan motyting. Etter å ha blitt informert om kva planer Hordaland fylkeskommune har for UKM Hordaland i tida framover, har stiftinga svart med at dei ønskjer å tildele ei gåve på 500 000 kroner til Hordaland fylkeskommune sitt arbeid om UKM Hordaland, fordelt likt over åra 2016 og 2017.

### Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet rår til at vedlagte avtale om Ungdommens kulturmonstring 2016-2017 mellom Sparebankstiftelsen SR-Bank og Hordaland fylkeskommune, vert inngått.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 23.03.2015**

Kultur- og idrettsavdelinga vart kontakta av Sparebankstiftelsen SR-Bank per e-post den 11.mars 2015 om at stiftinga ønskjer eit samarbeid om Ungdommens kulturmonstring (UKM) i Hordaland. Stiftinga vidarefører sparebanktradisjonar med å gi tilbake til lokalsamfunn, og særleg prosjekter som kjem barn og unge til gode. Sparebankstiftelsen SR-Bank presenterer seg som ein mild gåvegivar utan motyting. Etter å ha blitt informert om kva planer Hordaland fylkeskommune har for UKM Hordaland i tida framover, har stiftinga svart med at dei ønskjer å tildele ei gåve på 500 000 kroner til Hordaland fylkeskommune sitt arbeid om UKM Hordaland, fordelt likt over åra 2016 og 2017.

Stiftinga har to hovudformål: 1) Være ein langsiktig, stabil eigar av SpareBank 1 SR-Bank og 2) ivareta sparebankstradisjonen med å dele ut av utbytte. Sparebankstiftelsen SR-Bank kan disponere av overskotet og i tråd med sparebanktradisjonar utdele gåver til allmennyttige formål i regionene Agder, Hordaland og Rogaland.

Stiftinga har overtatt banken sitt tidlegare gåvefond. Banken kan være sponsor i ulike lag/prosjekter, men det er stiftinga som har overtatt aspektet med å være ein mild gåvegivar retta mot lokalsamfunnet. Stiftinga er eit eget organ og styrer tildelinga av gåver.

Stiftinga har ein gåvepolitikk der overordna målsetjing er at utdeling av gåver til allmennyttige formål skal skje i tråd med Stiftinga sin visjon om "Sammen skaper vi verdier" samt Stiftinga sine verdier "Sammen skal vi løfte, skape og utvikle gode lokalsamfunn". Stiftinga er vidare ein mild givar til gode prosjekt i lokalsamfunnet, og på grunnlag av det har stiftinga sin eigen gåvepolitikk som er styrande for kva prosjekt stiftinga ønskjer å gå inn i. Stiftinga skal støtte prosjekt som bidrar til å utvikle regionen til eit godt og bærekraftig samfunn. Gåvetildelingane skal bidra til lokalt engasjement og utløyse eigeninnsats i prosjekta. Gåvene skal inspirere foreiningar og lag til å dra i gang nye og gode initiativ som vil gi effekt på en større gruppe i lokalsamfunnet. Prosjekter som kommer barn og unge til gode vil bli prioritert.

Stiftinga sin gåvepolitikk er basert på vedtektene § 1-2 og § 3-2. Retningslinjene for gåvetildeling vert fastsett av Stiftinga sin generalforsamling. Dei nemnte vedtektene er som følgjer:

**§ 1-2 Formål**

*Stiftelsens formål er å forvalte aksjer den ble tilført ved opprettelsen og å utøve og opprettholde et betydelig, langsiktig og stabilt eierskap i SpareBank 1 SR-Bank.*

*Stiftelsen kan for øvrig plassere midlene på en hensiktsmessig og betryggende måte ut fra hensynet til sikkerhet, risikospredning, likviditet og avkastning, samt med sikte på å oppnå markedsmessig avkastning på egenkapitalen. Stiftelsen kan disponere overskudd og utdele utbyttmidler til allmennyttige formål. Stiftelsen skal i sin utdeling av utbyttmidler fortrinnsvis ta hensyn til de distrikter som har bygget opp grunnfondskapitalen til tidligere SpareBank 1 SR-Bank.*

*Eierskapet skal utøves i samsvar med alminnelige aksepterte eierstyringsprinsipper, og innenfor de rammer og retningslinjer generalforsamlingen har fastsatt. Eierskapet skal minst utgjøre 25 prosent av utstedte aksjer i SpareBank 1 SR-Bank.*

*Stiftelsen skal ved sin virksomhet videreføre sparebanktradisjonene ved deltakelse i kapitalutvidelser i SpareBank 1 SR-Bank og på annen måte. For øvrig kan stiftelsen utøve annen virksomhet som er forenlig med det angitte formål og de rammer som til en hver tid følger av regelverket for sparebankstiftelser.*

**§ 3-2 Gaver til allmennyttige formål**

*Stiftelsen kan dele ut gaver til allmennyttige formål i samsvar med stiftelsens formål, jf. vedtektenes § 1-2. Stiftelsen skal i sin forvaltning søke å sikre stabilitet i stiftelsens tildelingsevne. Frem til stiftelsen har bygd*

*opp tilstrekkelig kapital og likviditet ihht vedtektens § 3-1, kan stiftelsen dele ut et beløp på inntil 2 pst av stiftelsens grunnkapital i årlige gaver til allmennyttige formål.*

*Styret fastsetter rammer for gavetildelinger innenfor de bestemmelser som følger av vedtektene samt de retningslinjer som fastsettes av generalforsamlingen. I tillegg til utdeling av kontanter, kan stiftelsen også gi støtte ved å delta i aksjeselskaper som fremmer stiftelsens formål.*

*Styret kan overlate til generalforsamlingen å treffe beslutning om utdeling til enkelte gaveformål. Styret fastsetter nærmere retningslinjer for utdeling. Slike retningslinjer skal årlig fremlegges for generalforsamlingen for uttalelse.*

### **Utvikling av UKM**

UKM fylkesmønstringa 2015 vil markere mykje nytt, m.a. tilbod om workshops for alle deltakarane. Hordaland fylkeskommune har for fylkesmønstringa 2015 til saman fått tildelt 30 000 kroner i stimuleringsmidlar frå UKM Norge i arbeidet med workshop og sosiale arrangement knytt til overnattinga i Nordneshallen. Fordi dette er pilotarbeid for 2015, vil det ikkje vere mogleg å søkje til det same for 2016 då det frå dette året vil reknast som del av drift. Eit samarbeid med Sparebankstiftelsen SR-Bank vil gjere det mogleg å tilby workshops igjen under fylkesmønstringa 2016, og samtidig tilby endå fleire workshops. I år har det ikkje vore mogleg å tilby workshop innan kategoriane teater, litteratur, film, og nettredaksjon, men det er ønskjeleg å kunne tilby workshops der alle deltakarane har høve å melde seg på innan kategorien dei deltek i. Eit samarbeid med Stiftinga vil i tillegg gjere det mogleg å tilby større sosiale aktivitetar på kveldstid, som ungdommane sjølv er med og arrangerer.

For fylkesmønstringa 2016 er det vidare eit ønskje å tilby deltakarane moglegheita om å spele med eit profesjonelt husband. Ein opplever at mange deltakarar står aleine med playback, og det vil vere ønskjeleg å styrke deira oppleving på scena ved å tilby dei eit band å spele med. Denne moglegheita vil vere open for både dei som spelar i band, og dei som opptre aleine på scena. Å kunne spele i lag med profesjonelle musikarar vil kunne vere med og gi ein endå betre oppleving for musikkdeltakarane.

### **Tilråding**

Fylkesrådmannen meiner at ein på generelt grunnlag må vere varsam på kva eksterne aktørar som vert trekt inn som støttespelarar i tiltak og arrangement som gjeld for barn og unge. Bakgrunnen for at fylkesrådmannen rår til at det vert inngått avtale med Sparebankstiftelsen SR-Bank, er at stiftelsen har eit overordna ålmennyttig føremål, og er tydeleg på at det ikkje er knytt motyting til gåva og at den ikkje vert marknadsført som produkt under UKM fylkesmønstringa i Hordaland.